

Innvandrarane i næringslivet

Ein stor prosentdel av innvandrarbefolkinga etablerte i 2005 sitt eige føretak. Men i dei norske styreromma er det fleire med utanlandsk statsborgarskap enn nordmenn med innvandarbakgrunn.

Kjersti Pauline Vartdal

1. januar 2005 utgjorde innvandrarbefolkinga 8 prosent av heile befolkninga i Noreg, og den har bakgrunn frå vel 200 ulike land. 265 000, eller 72 prosent, av personane i innvandrarbefolkinga hadde ikkje-vestleg opphav, og desse utgjorde 5,7 prosent av den norske befolkninga ved inngangen til 2005.

I næringslivet eig innvandrarbefolkinga 8 prosent av alle personleg åtte føretak, og kler 3,6 prosent av styrerollene i norske aksjeselskap (AS) og allmennaksjeselskap (ASA). Desse eigarane og styrerrepresentantane har landbakgrunn frå til saman 151 ulike land.

Representasjonen av innvandrarbefolkinga i næringslivet er ein viktig indikator for integrering, og denne artikkelen søker å seie noko om innvandrarbefolkinga si deltaking i det norske næringslivet i form av eigarskap i personleg åtte føretak og styrerrepresentasjon i aksjeselskap og allmennaksjeselskap. Dei personleg åtte føretaka utgjer nesten tre fjerdedeler av alle nyetableringar og halvparten av bestanden. Statistisk sentralbyrå (SSB) er no i gang med eit utviklingsprosjekt der ein vil identifisere eigarar av aksjeselskap. Når dette er på plass, vil ein kunne sjå på rundt 98 prosent av alle nyetableringar og 94 prosent av heile bestanden.

Eigarskap mest vanleg blant dei med vestleg innvandarbakgrunn

Det er i alt rundt 151 000 personleg åtte føretak i Noreg. Av desse er om lag 139 000 enkeltpersonføretak (ENK), 6 500 ansvarlege selskap (ANS) og 5 000 selskap med delt ansvar (DA). Dei personåtte føretaka vert åtte av til saman 170 000 eigarar. 13 600, 8 prosent, av desse eigarane har innvandarbakgrunn. 8 prosent er også same prosentdel som innvandrarbefolkinga utgjer av dei busette i Noreg.

Viss ein ser på populasjonen av eigarane med innvandarbakgrunn, så ser ein at det er flest eigarar med pakistansk bakgrunn, følgd av eigarar med landbakgrunn frå Sverige, Danmark og Storbritannia. Personar med pakistansk landbakgrunn eig meir enn kvart tiande føretak som har eigar frå innvandrarbefolkinga, medan dei utgjer 7 prosent av innvandrarbefolkinga, og kan derfor seiast å vere overrepresenterte i høve til folketalet. Somalia som er den sjette største landgruppa i Noreg (4,5 prosent av innvandrarbefolkinga) eig berre 0,7 prosent av desse føretaka og må seiast å vere underrepresenterte. Totalt eig innvandrarbefolkinga 8 prosent av dei personleg åtte føretaka i Noreg. Dei fleste eigarane med innvandarbakgrunn finn ein i det sentrale Austlandsområdet. Generelt er eit av tre føretak lokalisert i Oslo/Akershus, medan halvparten av alle føretak med eigar frå innvandrarbefolkinga er i Oslo/Akershus. Heile 85 prosent av dei pakistanske eigarane har føretaket sitt i Oslo/Akershus.

Personåtte føretak vert organiserte som enkeltpersonføretak, ansvarleg selskap eller selskap med delt ansvar. Enkeltpersonføretak vert drivne under fullt personleg ansvar av ein innehavar. Enkeltpersonføretak er den vanlegaste organisasjonsforma blant nyetablerarar, og det er også den organisasjonsforma som har størst del innvandrarar.

Kjersti Pauline Vartdal er førstekonsulent i Statistisk sentralbyrå, Seksjon for bedriftsregister (kjersti.vartdal@ssb.no).

At dei største innvandrargruppene står bak flest føretak er ganske naturleg. Det som er interessant, er gjérne om ei gruppe er over- eller underrepresentert i høve til andre grupper. For å måle dette vil vi sjå på kva grupper som har størst prosentdel eigarar.

3,7 prosent av innvandrarbefolkinga eig sitt eige føretak. Delen eigarar blant innvandrarbefolkinga er lik gjennomsnittet for heile befolkninga, men ein kan sjå at det er variasjonar mellom dei ulike landgruppene. Det er tydeleg at det er meir vanleg for den vestlege innvandrarbefolkinga å eige sitt eige føretak. Heile 5,6 prosent av denne gruppa er eigarar mot 3,3 prosent av dei ikkje-vestlege innvandrarane og 3,7 prosent av dei utan innvandarbakgrunn.

Innvandrargruppene med bakgrunn frå Pakistan, Sverige og Danmark har ein relativt stor prosentdel eigarar, som òg innvandrarar frå Iran har. Heile 6,7 prosent av innvandrarbefolkinga med dansk bakgrunn, 5,7 prosent av dei med svensk bakgrunn og 5,3 prosent av dei med pakistansk bakgrunn eig sitt eige føretak, mot 0,5 prosent av dei med somalisk bakgrunn, som altså ligg i andre enden av skalaen.

At det er store skilnader i eigarskapsprosentar kan kanskje sjåast i samanheng med butida til dei ulike landgruppene. Eigarane med pakistansk landbakgrunn har gjennomsnittleg budd i Noreg i 22 år, medan eigarane med landbakgrunn frå Somalia har budd i Noreg i gjennomsnittleg 11 år. Medan Noreg har hatt innvandring frå Pakistan sidan 1970-talet, så er somaliarar ei svært ny gruppe. Det er kanskje ikkje så rart om nykomne somaliarar har vanskelegare for å etablere seg enn pakistanarar som har budd i Noreg ei stund. Ein annan faktor kan òg vere at etterkomarane frå Somalia utan unntak er unge, medan frå Pakistan byrjar det å bli mange i godt vaksen alder.

Akershus og Oslo har høgast prosentdel sjølvstendige næringsdrivande blant den ikkje-vestlege innvandrarbefolkinga, men i desse fylka er delen eigarar relativt høg blant alle grupper. Dei fleste store innvandrargruppene har ein marginalt større eigardel i Oslo/Akershus enn i resten av

Tabell 1. Dei ti største innvandrargruppene i Noreg som eigarar

Landbakgrunn	Prosentdel som innvandrar	Prosentdel av alle befolkingaeigarar med innvandarbakgrunn	Prosentdel av gruppa som eig sitt eige føretak
Innvandrarbefolkinga			
i alt	3,7
Pakistan	7,4	10,5	5,3
Sverige	6,3	9,6	5,7
Danmark	5,3	9,4	6,7
Irak	5	3,3	2,4
Vietnam	4,9	3,9	3
Somalia	4,6	0,7	0,5
Bosnia-Hercegovina	4	1,7	1,6
Iran	3,8	4,8	4,7
Tyrkia	3,7	3,7	3,7
Serbia og Montenegro	3,4	1,6	1,7

Tabell 2. Prosentdel eigarar blant innvandrarbefolkinga, etter fylke

Fylke	Prosentdel eigarar blant			
	Heile befolkinga	Innvandrarar med bakgrunn i vestlege land	Innvandrarar med bakgrunn i ikkje- vestlege land	Befolkinga utan innvandrar- bakgrunn
Heile landet	3,7	5,6	3,3	3,7
01 Østfold	3,8	5,1	2,7	3,8
02 Akershus	3,9	6,1	4,2	3,8
03 Oslo	5,2	6,2	3,8	5,4
04 Hedmark	3,6	5,9	3,3	3,6
05 Oppland	4,3	6,3	3,6	4,3
06 Buskerud	4,4	6,6	3,5	4,4
07 Vestfold	3,9	5,7	3,4	3,9
08 Telemark	3,8	5,7	2,5	3,8
09 Aust-Agder	3,7	6,7	2,2	3,7
10 Vest-Agder	3,7	5,5	2,2	3,8
11 Rogaland	3,0	4,4	2,3	3,0
12 Hordaland	3,1	5,2	2,6	3,0
14 Sogn og Fjordane	3,6	6,6	2,3	3,6
15 Møre og Romsdal	3,2	5,2	2,3	3,2
16 Sør-Trøndelag	3,1	4,0	2,5	3,1
17 Nord-Trøndelag	2,8	4,6	2,5	2,8
18 Nordland	2,9	5,2	2,3	2,9
19 Troms	3,3	4,7	2,8	3,3
20 Finnmark Finnmark	2,8	3,9	2,4	2,8


Kjelde: Bedrifts- og føretaksregisteret, SSB.

landet. For eksempel eig 2,6 prosent av personar med bakgrunn frå Serbia og Montenegro som bur i Oslo/Akershus sitt eige føretak, mot 1,1 prosent i resten av landet. Elles er det små skilnader, til dømes er eigardelen blant dei med bakgrunn frå Pakistan omtrent like stor i og utanfor Oslo. Prosentdelen for somaliarar er låg både i og utanfor Osloområdet, men er likevel noko høgare i Oslo/Akershus der 0,8 prosent eig sitt eige føretak, mot 0,2 prosent i resten av landet. Det er elles små skilnader mellom fylka, eigarprosentane til dei ulike landgruppene er stort sett like over heile landet. Ein kan derfor hevde at nasjonalitet nok er ein viktigare faktor enn geografi når ein ser på eigarstruktur.

Flest innvandrarar innanfor hotell- og restaurantverksem

Mange vil hevde at det eksisterer typiske innvandrarnæringer. For å kunne seie noko om dette må vi først sjå på næringsfordelinga totalt. Næringsområdet med flest personåtte føretak er forretningsmessig tenesteyting og egedomsdrift. 33 prosent av alle dei personleg åtte føretaka i Noreg er innanfor dette næringshovudområdet. Som ein kan sjå av figur 1, så er dette næringsområdet også det mest populære blant vestlege innvandrarar, medan berre 19 prosent av dei ikkje-vestlege eigarane er innanfor denne næringa.

Figur 1. Ulike grupper si prosentvise fordeling på næringar



Kjelde: Bedrifts- og føretaksregister, Statistisk sentralbyrå.

Eigarar med ikkje-vestleg landbakgrunn er sterkt representerte innanfor næringsområda hotell- og restaurantverksem og varehandel. Sjølv om dei ikkje-vestlege innvandrarane utgjer berre 6 prosent av befolkninga, så eig dei 29 prosent av alle personleg åtte føretak i hotell- og restaurantnæringa. Primært dreier det seg om drift av gatekjøkken, salatbarar og pølsebodar. Innvandrarar med ikkje-vestleg bakgrunn eig heile seks av ti føretak i denne næringa. Dei eig mellom anna fire av ti restaurantar og kafear.

At ikkje-vestlege innvandrarar er sterkt representerte innanfor hotell- og restaurantverksem, gjeld for heile landet. Oslo står likevel i ei særstilling, der dei ikkje-vestlege innvandrarane eig heile sju av ti personlege åtte føretak innanfor hotell- og restaurantverksem. I Oslo er innvandrarbefolkinga også sterkt representert innanfor transport og kommunikasjon. 4 prosent av føretaka med pakistansk eigar er innanfor transport og kommunikasjon, i all hovudsak dreier det seg her om føretak innanfor drosjebiltransport. Pakistatarar er dei som er sterkt representerte, og denne gruppa eig heile 38 prosent av alle personåtte føretak i drosjenæringa i Oslo.

Personar med innvandrarbakgrunn frå vestlege land, og då er det i hovudsak bakgrunn frå Sverige og Danmark, har større spreiing på næringar, og liknar meir på gjennomsnittet blant dei sjølvstendige næringsdrivande i landet. Innvandrarbefolkinga med bakgrunn frå vestlege land er sterkt representert innanfor næringsområdet helse- og sosialtenester, og eig her 6 prosent av føretak innanfor dette næringsområdet. Flest vestlege innvandrarar finn ein likevel innanfor forretningsmessig tenesteyting og egedomsdrift. 27 prosent av eigarane er etablert her.

Mange kvinnelege eigarar frå Vietnam

Kvart fjerde føretak i Noreg har kvinneleg eigar, og innvandrarbefolkninga har noko høgare kvinnekonsentrasjon enn resten av populasjonen. 27 prosent av eigarar med ikkje-vestleg innvandringsbakgrunn er kvinner, medan 30 prosent av eigarar med innvandrarbakgrunn frå vestlege land er kvinner. Ser ein på ulike landgrupper kjem det fram større skilnader. Medan 32 prosent av eigarane med svensk bakgrunn er kvinner, er berre 13 prosent av eigarane med pakistansk bakgrunn kvinner. Den ikkje-vestlege innvandrargruppa som har høgst prosentdel kvinner blant sjølvstendige næringsdrivande, er vietnamesarar, som har heile 44 prosent kvinnelege eigarar. Eigarar med dansk innvandrarbakgrunn har ein kvinnekonsentrasjon på 28 prosent.

Mange med innvandrarbakgrunn etablerer sitt eige føretak

I 2005 vart det etablert rundt 30 000 nye personåtte føretak i Noreg. Desse har til saman 34 000 eigarar, og av desse har 4 100, 12 prosent, innvandrarbakgrunn. 7,7 prosent av desse etablerarane har ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn og 4,3 prosent har vestleg innvandrarbakgrunn. I befolkninga har 5,8 prosent ikkje-vestleg og 2,2 prosent vestleg bakgrunn. Blant innvandrarane er det personar med bakgrunn frå Sverige, Pakistan, Danmark og Polen som har etablert flest nye føretak i 2005.

Innvandrarbefolkninga er altså sterkare representert som eigarar av nyetablerte føretak enn i den totale bestanden av føretak. Om denne trenden held fram, vil altså innvandrarbefolkninga på sikt også utgjere ein større prosentdel av bestanden av eigarar.

Det er stort sett dei same landa som er dominante i nyetableringane som i bestanden, men blant nyetablerarane er det ei ny gruppe som har kome til, og det er personar med innvandringsbakgrunn frå Polen. Personar med polsk innvandringsbakgrunn har stått for 246, eller 6 prosent, av alle nyetableringar gjort av personar med innvandrarbakgrunn. Særleg er personar med polsk bakgrunn sterkt representerte innanfor næringa byggje- og anleggsverksamhet. 46 prosent av etablerarane med polsk bakgrunn har etablert føretak innanfor dette næringsområdet. Dette utgjer 1 prosent av alle nyetableringar i dette næringsområdet i 2005.

Høg etableringsprosent blant personar med polsk bakgrunn

Ein kan seie at Polen har høg etableringsprosent. Det vil seie at denne gruppa etablerer flest nye føretak i høve til kor mange føretak dei eig i utgangspunktet. Generelt har den ikkje-vestlege innvandrarbefolkninga den høgaste etableringsprosenten. I 2005 vart det etablert nye føretak tilsvarande 33 prosent av bestanden av eigarar med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn. Av dei største innvandringsgruppene så hadde, forutan Polen, Somalia og Serbia og Montenegro høgast etableringsprosent. Denne var på høvesvis 53,4 og 52,1 prosent. Den vestlege innvandrarbefolkninga har etableringsprosent på 25,9, som også er over gjennomsnittet på 20 prosent.

Høgare kvinnedel blant nyetablerarar

Av alle nyetableringar føreteke i 2005, vart 33 prosent føreteke av kvinner. 35 prosent av etablerarane med vestleg innvandrarbakgrunn og 33 prosent av etablerarane med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn er kvinner.

For alle grupper av land er det altså større kvinnekonsentrasjon blant nyetablerarar enn det er generelt i bestanden. Det er også blant nyetablerarane stor

spennvidde innanfor dei ulike landinndelingane. Medan berre 16 prosent av etablerarane med irakisk bakgrunn og 19 prosent av etablerarane med pakistansk bakgrunn er kvinner, er 44 prosent av etablerarane med innvandrarbakgrunn frå Vietnam kvinner. Sidan innvandrarbefolkninga frå Vietnam har stor prosentdel kvinner også i bestanden av føretak kan det tyde på at det er om lag like naturleg for vietnamesiske kvinner å etablere sitt eige føretak som for vietnamesiske menn.

Pakistan og Tyrkia har høgast overlevingsrate

Halvparten av alle enkeltpersonføretak som vart etablert i 2002 overlevde i 2003. Mannlege nyetablerarar har generelt høgare overlevingsprosent enn kvinnelege. Medan 52,2 prosent av alle enkeltpersonføretak etablert av menn overlevde til neste år, overlevde berre 43,8 prosent av føretak etablert av kvinner. Dette gjeld også for etablerarar med innvandrarbakgrunn. Kvinnelege etablerarar med innvandrarbakgrunn frå ikkje-vestlege land har likevel ein noko høgare overlevingsprosent enn sine medsøstrer, denne er på 47,6 prosent.

Med utgangspunkt i dei største innvandringsgruppene, så har Pakistan og Tyrkia dei høgaste overlevingsprosentane, med 63,5 og 61 prosent. Etablerarar med innvandrarbakgrunn frå Somalia har lågast overlevingsprosent, denne er på 23,5 prosent.

Overleving er definert ved aktivitet, og ein overlevingsprosent søker å seie noko om kor mange etablerarar som greier seg. Men at berre rundt halvparten av nyetablerte føretak i 2002 har aktivitet året etter, kan og vere eit uttrykk for at ikkje alle etableringar har øvelengd som perspektiv ved etablering.


Ikkje-vestlege innvandrarar nærast fråverande i styreromma

I styre i AS og ASA er personar med innvandrarbakgrunn svakt representerte. Innvandrarbefolkninga utgjer til saman 3,6 prosent av styrerrepresentantane i norske AS og ASA. Den ikkje-vestlege innvandrarbefolkninga representerer 1,5 prosent, og den vestlege innvandrarbefolkninga står for 2,1 prosent, trass i at det er nesten tre gongar så mange ikkje-vestlege som vestlege innvandrarar i Noreg. Faktisk er det større del utanlandske statsborgarar som *ikkje* er busett i Noreg i norske styre enn det er personar frå innvandrarbefolkninga.

Norske AS har i alt 373 000 styrerrepresentantar. Av desse har 11 700, eller drygt 3 prosent, innvandrarbakgrunn. Tre av ti styrerrepresentantar med innvandrarbakgrunn har bakgrunn frå Skandinavia. 4,6 prosent av styrerrepresentantane som er innvandrarar (1,5 promille av alle styrerrepresentantar) har bakgrunn frå Pakistan, 2,4 prosent frå Iran og 2,1 prosent frå Vietnam.

Norske ASA har i alt 2 600 styrerrepresentantar, og berre 0,3 prosent av desse har ikkje-vestleg innvandringsbakgrunn.

Deltaking i styre vert sett på som ein viktig maktfaktor i Noreg. Dette kan ein sjå ut frå debatten om kjønnsrepresentasjon i styra i allmennaksjeselskapa. Det er no vedteke ved lov at eit allmennaksjeskap skal ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn i styra. Bakgrunnen for dette er at regjeringa meinte den låge kvinnedelen i styra var særskilt uheldig, og fann det heilt nødvendig å gripe inn for å legge til rette for ei samfunnsutvikling som påskjøner og gjer bruk av kompetansen til begge kjønn. Med utgangspunkt i





same resonnement har det òg blitt hevda at ein i større grad burde etterspørje kompetansen til innvandrarbefolkinga., men i dag er det først og fremst fråveret av slike maktposisjonar som gjeld for denne gruppa.

Eit stykke igjen til full deltaking i næringslivet

Det er klart at innvandrarbefolkinga er ei heterogen gruppe med lite anna til felles enn ein bakgrunn frå eit anna land enn Noreg. Bakgrunnen deira er frå nesten alle land i verda. Det er derfor vanskeleg å konkludere på vegner av heile innvandrarbefolkinga under eitt. Det som ein likevel kan trekke ut av denne artikkelen, er at dei fleste føretaka med eigar frå innvandrarbefolkinga finn ein i Oslo/Akershus, og flest innvandrarar med ikkje-vestleg bakgrunn finn ein innanfor næringsområdet hotell- og restaurantverksemd. Innvandrarbefolkinga er sterkest representert som eigalarar av nyetablerte føretak. I styresamanheng er derimot innvandrarbefolkinga svært underrepresentert. Berre 3 prosent av styrerrepresentantane i AS og 0,3 prosent av styrerrepresentantane i ASA har innvandrarbakgrunn. Det er altså som eigalarar av enkeltpersonsføretak at innvandrarar kan kome inn i sjølvstendige roller i næringslivet, døra til styrerommet er nesten heilt lukka.